Fitjar kommune

Arkivkode: 79/1
Saksmappe: 2020/877
Sakshandsamar: Øystein Sørli
Dato: 26.03.2021

MØTEBOK

79/1 Oppstart av detaljregulering - Reguleringsplan for steinuttak Levåg

Utval sak	Utval	Møtedato
15/21	**Utval for plan og miljø**	**13.04.2021**
19/21	**Kommunestyret**	**28.04.2021**

Vedlegg:
1 79/1 - 79/18 - 79/3 - 80/1 - 80/2 - 80/4 Referat frå oppstartsmøte - Detaljregulering for Steinbrudd Levåg
2 Forslag til planprogram for reguleringsplanen for steinuttak i Levåg, plan-ID 4615 – 202101
3 79/1 m.fl. Søknad om prinsippgodkjenning for reguleringsplanen for Levåg

Bakgrunn:
Det vart halde førehandskonferanse i saka 08.07.2020 på rådhuset. I førehandskonferansen informerte tiltakshavar K. Volden Transport AS om tiltaket og administrasjonen informerte om vidare saksgong.

Den 01.09.2020 mottok kommunen v/ordføraren søknad frå K. Volden Transport AS om redusert handsamingsgebyr for ny reguleringsplan for tiltaket. Sak om redusert handsamingsgebyr vart handsama av formannskapet i møte 14.10.2020. Formannskapet gjorde slikt vedtak i saka:

Formannskapet utset saka med slik grunngjeving:
Gebyrregulativet for behandling av reguleringsplanar vert i dag kun fastsett utfrå kor stort areal planen dekkar. Formannskapet vil oppmoda Utval for plan og miljø til å finna løysingar som opnar for at gebyret for regulering av næringsareal i tillegg tek omsyn til kompleksitet og arbeidsmengd med planen.
Saka vert å ta opp når gebyrregulativet for 2021 er fastsett av kommunestyret.

Den 09.12.2020 vedtok kommunestyret gebyr for 2021 for byggje- og delingssaker der bl.a. handsamingsgebyr for planar av denne storleik vart redusert med kr 87.000,-

Den 01.02.2021 vart det halde oppstartsmøte om reguleringsplanen, den 12.03.2021 mottok kommunen forslag til planprogram for reguleringsplanen, og den 15.03.2021 mottok kommunen søknad om prinsippgodkjenning for oppstart av planarbeid.

Vurdering:
Det aller meste av planarealet ligg i gjeldande areraldel til kommuneplan 2011-2022 som LNF-område. Sidan føremålet for reguleringa ikkje er i tråd med overordna plan må spørsmålet til oppstart leggjast fram for kommunestyret for avgjerd. Det vil også vera krav til planprogram og konsekvensutgreiing. Forslag til planprogram er lagt fram samstundes med søknad om oppstart av planarbeidet. Planområdet er om lag 1110 daa stort.



Forslag til plangrense stipla i kart

K. Volden Transport AS har stadig behov for byggjeråstoff i verksemda si og har inngått avtalar med grunneigarane (som har utvinningsrett) om å få etablere uttak av stein (pukk) på dei aktuelle eigedomane. Føretaket er lokalisert på Fitjar, og har mange av oppdraga sine lokalt i Sunnhordland. Etterspurnaden etter kortreiste byggjeråstoff er stor.

Parallelt med reguleringsplanprosessen skal det utarbeidast ein driftsplan for det planlagde uttaket som vedlegg til ein søknad om driftskonsesjon. For uttak på meir enn 10 000 m³ masse, samt alle uttak av naturstein, er det krav om driftskonsesjon frå Direktoratet for mineralforvaltning (DMF).

Ressurskarta frå Norges Geologiske Undersøkelse (NGU) med omsyn til grus og pukk viser eit større ressursområde aust i planområdet. Arealet på ressursen er vurdert å vera om lag 330 daa. Den dominerande bergarten er oppgjeve å vera amfibolitt. Området er difor rekna som gunstig for eit steinuttak.


Plangrensa lagt oppå utsnitt av ressurskart NGU. Lilla markering er aktuell steinressurs.

Det går fram av planprogrammet at etterbruken av området er landbruksområdet utan at det førebels er sagt noko om varigheten av steinuttaket og kor tid området blir tilbakeført til landbruksområde. Dette vil framgå av den vidare planprosessen og planomtalen.

Konklusjon:
Kommuneplanen sin samfunnsdel 2020-2040 har i kapittelet « Fitjar i berekraftig vekst» peika på behovet for styrking av eksisterande bransjar i kommunen, og behov for nye næringsareal.

Fitjar kommune peikar i Strategisk næringsplan for Fitjar kommune 2014- 2018 på at tilrettelegging av areal for næringsutvikling er ei viktig oppgåve for kommunen og sentralt for ekspansjon innan næringsutvikling. Dette gjeld både utvidingsareal for eksisterande verksemder og plassering av nye næringsområde. Det er vidare påpeika at gode løysingar innan næringsareal er med på å vidareutvikle kommunen, og auke attraktiviteten til området for nye verksemder og tilflyttarar.

Planen seier vidare at Fitjar kommune skal vera ein positiv kommune, der ein føreheld seg til lovar og vedtak for å ivareta viktige omsyn, og på same tid legg til rette for gode løysningar for dei som ynskjer å byggja eller etablera seg med næringsaktivitet i kommunen.

I det vidare planarbeidet blir det viktig å ta omsyn til mellom anna naturmangfald, landskapsutforming, transport/trafikktryggleik, støy, folkehelse, forureining, klima og miljø.

Rådmannen meiner det er positivt at området blir tilbakeført til landbruksområde når perioden med steinuttak er ferdig.

Framlegg til vedtak:
Utval for plan og miljø tilrår med heimel i PBL §§12-1, 12-3, 12-8 og 12-9, og reglement for utval for plan og miljø, kommunestyret å gjera slikt vedtak:

Kommunestyret godkjenner med heimel i PBL §§12-1, 12-3, 12-8 og 12-9 at det kan meldast oppstart av detaljregulering for steinbrudd Levåg g/bnr. 79/1, 79/18, 79/3, 79/4, 80/1, 80/2 og 80/4, PlanID 4615 - 202101 og at forslag til planprogram kan sendast på høyring.

Saksprotokoll i Utval for plan og miljø - 13.04.2021

Behandling:
Sakshandsamar Øystein Sørli orienterte om saka i møtet.

Tilrådinga til kommunestyret vart samrøystes vedteke.

Tilråding til kommunestyret:
Kommunestyret godkjenner med heimel i PBL §§12-1, 12-3, 12-8 og 12-9 at det kan meldast oppstart av detaljregulering for steinbrudd Levåg g/bnr. 79/1, 79/18, 79/3, 79/4, 80/1, 80/2 og 80/4, PlanID 4615 - 202101 og at forslag til planprogram kan sendast på høyring.

Saksprotokoll i Kommunestyret - 28.04.2021

Behandling:
Tilrådinga vart samrøystes vedteke.

Vedtak:

Kommunestyret godkjenner med heimel i PBL §§12-1, 12-3, 12-8 og 12-9 at det kan meldast oppstart av detaljregulering for steinbrudd Levåg g/bnr. 79/1, 79/18, 79/3, 79/4, 80/1, 80/2 og 80/4, PlanID 4615 - 202101 og at forslag til planprogram kan sendast på høyring.

Olaug Haugen
Rådmann

Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.